



INFORMASJON TIL NABOAR HYDRO HUSNES

Hydro Husnes tar arbeidet med sikkerheit svært alvorleg, både med tanke på eigne tilsette, innleigde og dei som bur og ferdast i vårt nærområde.

Vi ynskjer å driva bedrifta på ein slik måte at vi ikkje skadar naturen. Vi prøver å opptre på ein slik måte at samfunnet har tillit til oss, og vi ynskjer å ha eit godt tilhøve til naboane våre.

Formålet med dette informasjonsheftet etter Storulykkeforskriftens §12, er å gjera naboane våre kjende med verksemda vår sett ut frå eit sikkerheitsperspektiv.




Innleiing

Hydro sitt område er avgrensa av sjøen i nord. I nordaust grensar industriområdet mot eit kommunalt industriområde som Hydro og eig store delar av. Hydro sitt industriområde er inngjerda og har ei buffersone mot bustad-områda på Husnes. I buffersona mot bustad-området i vest er det opparbeidd eit golfanlegg. Dette området eig Hydro.

Hydro hentar sjøvatn til reinseanlegga for omnsgass i Husnesvågen. Hardangerfjorden er om lag fem kilometer brei og 500 meter djup. Utslepp av sjøvatn går tilbake til Husnesvågen.

Frå Hellandselva blir det teke inn kjølevatn til likerettarar, og til støypeprosessane. Frå Opsangervatnet, blir det også teke inn kjølevatn. Utslepp av kjølevatn frå likerettarar går tilbake til Opsangervatnet, medan utslepp av kjølevatn frå støypeprosessen går til Husnesvågen.

Hydro har eit lukka sjøkantdeponi for brukte foringsmaterialar frå elektrolyseomnane. Det vert jamleg føreteke målingar rundt deponiet. I dette området er det opparbeidd båthamn og idrettspark.



Ulike produkt og eigenskapar

Fluoridar

Fluoridar er ein del av råstoffet i elektrolyseprosessen og finst i flytande og fast form. I fast form er fluoridar bunde til pulver eller "badklump".

I flytande form finst fluoridar i elektrolytt i elektrolyseomnane. Det er risiko for ureining frå fluoridar til luft og vatn. Det vert gjennomført fluoridmålingar og analysar kvar vår og haust av bartre og gras.

Anodar

Anodar er laga av petrolkoks og bek og er forbrent ved 1200 °C. Risikoen ligg i den store energimengda dersom det skulle oppstå brann i anodelager.

Ved brann vert det utvikla gassar som er skadelege for miljø og menneske.

LPG (flytande propan)

Propangass vert nytta til oppvarming av katodekol for innstøyping av straumbarrar. Arbeidet vert utført i katodeverkstaden. Propan vert også nytta til tenning av brennar i støyperiomnar og til oppvarming av re-startkatodar før oppstart i omnshall, og til oppvarming før innstøyping av anodar i anodeverkstaden.

Anlegget består i dag av ein hovudtank med volum på 20 m³ ca. 9 tonn flytande propanvæske (når den er full). Gassen vert transportert flytende i røyr til fordampar som er seksjonert med sikkerheitsventilar og manuelle stengeventilar. Tankbil kjører i dag opp på verket for å fylle opp tanken.

Verknader av propangass på menneske og miljø

Menneske: Låge propankonsentrasjonar kan føra til kvalme, svimmelhet, hovudpine og døsighet. Høge konsentrasjonar kan vera årsak til irritasjon i augo og luftvegar, og gje narkotisk effekt. Det er og stor kvelingsfare på grunn av oksygenmangel. Den låge temperaturen på gassen når den kjem ut av behaldaren, kan gje frostskafer på hud.

Miljø: Propan er tyngre enn luft, noko som gjer at gassen vil leggja seg nede ved bakken, i groper, kummar, slukar og liknande. Det er lite truleg at produktet vil medføra alvorlege langtidsverknader i miljøet.

Forbrenningsprodukt kan bidra til global oppvarming og til fotokjemisk ozondanning.

Gjennom grovanalyse er risikoen for eksplosjon vurdert som liten. Ved stor utstrøyming av gass eller risiko for BLEVE, må området evakuerast. I første fase (lav risiko for BLEVE) vert alt personell i ein avstand på 500 meter frå tanken, evakuert. Ved stor risiko for BLEVE vert alt personell i ein avstand på 1000 m frå tanken, evakuert.

Naturgass (LNG)

Anlegget består i dag av ein tank som rommar 250m³ gass (ca 90 tonn i flytande væske). Væska går frå tank til fordampar der den går over til gassform, og vidare inn på konteinar for trykkregulering og lukttilsetjing. Trykket opp på verket er regulert ned til ca. 3.8 bar.

Gasstanken inneheld normalt mellom 10-90 tonn. Fylling skjer frå båt eller bil.

Verknader av naturgass på menneske og miljø

Mennesker: Gassen vil i høge konsentrasjonar føra til kveling ved fortrenging av luft. Ved hudkontakt kan gassen vera lett irriterande ved langvarig eller gjentakande eksponering. Kontakt med gass under trykk kan gje frotskafer.

Miljø: Gassen er lite løyseleg i vatn. Gassen er vurdert som biologisk lett nedbrytbar og er ikkje rekna for å bioakkumulera (lagra i næringskjeda)

BLEVE

Eng. for Boiling Liquid Expanding Vapour Explosion (BLEVE). Ein såkalla BLEVE oppstår når ein tank med brennbar gass eller væske i samband med ein brann vert utsett for kraftig oppvarming og revnar som følgje av innvendig trykk eller anna påverknad. Innhaldet vil då fordampa umiddelbart. Dette vil føra til ei effektiv blanding med luft og ei følgjande eksplosjonsarta forbrenning som artar seg som ei brennande eldkule.

Fare for storulukke

Risiko for storulukker ved HYDRO Husnes er kartlagt gjennom risikoanalyse. Risikovurderinga vert oppdatert ved endringar i anlegg. I tillegg vert vurderinga gjennomgått annakvart år.



Dei anlegga som inneheld dei største potensiala for storulykker:


Lagringstank for naturgass (LNG) (eigd av Gasnor) ved kai. Gassutslepp etterfølgt av tenning og mogeleg BLEVE kan gje alvorlege brannskadar på personar, sviskadar/ tenning i vegetasjon og tenning av brennbart materiale innanfor og utanfor Hydro sitt område.

Gassutslepp ved propantank etterfølgt av tenning og mogeleg BLEVE kan gje alvorlege brannskadar på personar, sviskadar/tenning i vegetasjon og tenning av brennbart materiale

innanfor og utanfor Hydro sitt område.

Ureining pga fluorutslepp vil ved stans av reinseanlegg føra til skade på vegetasjon og jord. Reinseanlegga er delt opp i 4 uavhengige einingar.

Brann i anodelager vil føra til ulmebrann med høg temperatur og gassutvikling som kan skada det ytre miljøet. Anodane er svært vanskeleg å tenna, og risikoen for brann er difor svært liten.



Beredskap mot storulukke

Hydro Husnes er ei bedrift i beredskapsklasse 1. Dette er den klassen som krev den mest omfattande beredskap i industrien. Beredskapsklassen vert fastsett i høve til risikonivået for bransjen, prosessane, lager, bygningar og plassering.

Bedrifta har eige industrivern som til ei kvar tid er i beredskap, og som trer i funksjon ved behov. Industrivernet består av: Industrivernleiar, 2 nestleiarar, redningsstab, brannvernleiar, innsatsleiar, sanitetsleiar forsterka brannvern, forsterka førstehjelp, teknisk teneste, ordens- og sikringsteneste. Industrivernet har naudsynt utstyr.

Krav til ein heilkontinuerleg beredskapsstyrke er oppfylt, og er bygd opp av ei innsatsgruppe i tillegg til operativt personell. Mannskapa har spesialkompetanse for å kunna handtera ulykker og hendingar som kan oppstå på bedrifta. Kvart skift har eige brannlag, og det er eitt brannlag på dagtidsgruppa.

I tillegg samarbeider bedrifta med det offentlege. I driftsorganisasjonen finst det personar som har beredskap døgnet rundt. Desse går inn i ei beredskapsgruppa ved behov.

I alarm- og beredskapsplanane er aktivitetar og varslingsrutinar nærare omtala. Desse vert iverksette og leia av Beredskapsgruppa

Bedrifta har eit tett og godt samarbeid både med Kvinnherad brannvesen, politi og andre offentlege redningsetatar.

Hydro Husnes driv førebyggjande vedlikehald på anlegga med sikte på å oppnå ei sikker drift. Det førebyggjande sikkerheitsarbeidet for å hindra at ulukker skal oppstå, er ein kontinuierleg aktivitet.

Beredskapsplan

Hydro Husnes har ein beredskapsplan. Den lokale beredskapsplanen ivaretek tryggleiken på bedrifta.

Nærare informasjon

Dersom det er ønskjeleg med ytterlegare opplysningar utover det som her er oppgitt, kan informasjonsansvarleg ved Hydro Husnes kontaktast via sentralbordet på telefon 53 47 50 00.

Postadresse:

Hydro Husnes, Onarheimsvegen 54, 5460 Husnes

Husnes, 22. oktober 2018



Johan Berg
Fabrikksjef



Knut Arne Haga
Industrivernleiar

Slik opptrer du ved katastrofealarm



Varslingssignal:

Hydro Husnes sine varslingstyfonar og telefonanlegg vil bli nytta ved varsling om farar eller gassutslepp.

Katastrofealarm:



Vert varsla med tyfon: 17 korte støyt.
Telefonvarsling: Naboar vert oppringt og mottek melding frå Hydro Husnes/Politi.

Tyder at:

Faresituasjonen ved Hydro Husnes sitt industrianlegg. Brann, eksplosjon eller gasslekkasje.

Brannalarm:



Vert varsla med tyfon: 6 lange støyt

Tyder at:

Brann ved Hydro Husnes sitt industrianlegg. Ingen følgjer for naboar.

Dette gjer du når du er utandørs:

Gå eller køyr til næraste hus eller ditt eige og bli innandørs.

Dette gjer du når du er innandørs:

Lukk dører, vindaugo og ventilar, slå av vifter.
Eit lukka hus er ei god «gassmaske» – den passar alle.
Vent på varsling via telefon eller lokalradio.

Hugs: I ein krisesituasjon kan telefonnettet bli overbelasta
- nytt telefon berre til viktige samtalar